

Liv Janne Drange  
Hopsdalsvegen 77  
5915 Hjelmås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1002 - 22/96072

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2023

## **Vi har registrert eit ulovleg forhold på eigedommen din – varsel om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 193/2 Mundal Øvre**

**Tiltak:** Lagring av hestemøk  
**GBNR:** 193/2 Mundal Øvre  
**Grunneigar:** Liv Janne Drange

Viser til synfaring den 21.11.2022 på din eigedom.

Tilstades under synfaringa var:  
Grethe Elin Mjelde, Miljøretta helsevern  
Svein Arne Vågane, Landbruksavdelinga  
Roger Fjellsbø, Miljø og tilsyn  
Liv Janne Drange, Grunneigar

Synfaringa vart gjennomført på bakgrunn av bekymringsmeldingar knytt til lagring av hestemøk og mogleg forureining av brønn på naboeigedomen.

Kommunen har i brev datert 14.12.2022 konkludert med at det etter vårt skjønn ikkje er sannsynleg at avrenning frå hestemøk har medført forureining av brønnen.

Dette er et førehandsvarsel om at vi vurderer å pålegge deg å rette opp det ulovlege forholdet. Det betyr at du innan **25.03.2023** kan komme med fleire opplysningar. Om opplysningane ikkje endrar vårt syn på saka, vil du få eit nytt brev med eit pålegg kor vi sett ein frist for når du må ha retta forholdet. I pålegget kan vi og sette ein tvangsmulkt. Ein tvangsmulkt er eit pengebeløp som forfell om ein ikkje heldt fristen i pålegget.

## Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

## Saksutgreiing

Under synfaringa vart det vist til 3 ulike stader der det er lagra hestemøkk (sjå punkt i kart nedanfor).

- Området merka med (1) er størstedelen av hestemøk frå garden lagra.
- Området merka med (2) i kartet vart tatt i bruk frå sommaren 2022.
- I området merka med (3) i kartet er det i hovudsak hestemøk frå luftegarden som vert lagra.

I følgje grunneigar inneheldt hestemøk lagra i område (3) større andel flis enn resten. Det er ikkje opplyst mengden hestemøk dette utgjer. Kommunen har heller ikkje gjennomført berekningar for å anslå mengda etter synfaringa.

Under synfaringa vart det opplyst at drift av garden vart nedlagt i haust for ein periode på minimum 1 år.



Kart over lagringsplassar for hestemøk



Bilde 1: Område merka (1) i kartutsnitt



Bilde 2: Område merka (2) i kartutsnitt



Bilde 3: Område merka (3) i kartutsnitt

### Lagring av hestemøk

Det er strenge krav knytt til lagring og bruk av hestemøk. Det er tillate å lagre denne direkte på bakken så lenge tørrstoffinnhaldet er over 25% og det vert gjennomført tiltak som hindrar avrenning fra mellomlagra hestemøk. I praksis vil det være naudsynt med tildekking for å hindre avrenning og for å sikre at andelen tørrstoff heldt seg over 25%.

Dersom det er lagt ein plan for bruk av hestemøk til gjødsling og garden har stort nok spreieareal, kan denne lagrast i inntil 3 år. Hestemøk som ikkje kan nyttast til gjødsling kjem inn under avfallsregelverket og kan ikkje lagrast i meir enn eitt år. Det er ikkje tillatt å nytte kompostert / hygienisert hestemøk til terregngheving eller i jorddeponi.

Dei 3 plassane der det er lagra hestemøkk ligg i skrånande terreng og er ikkje skjerma mot nedbør eller beskytta mot overflatevatn.

I følgje regelverket skal garden ha minimum 2 dekar spreieareal per vaksen hest. Dersom garden ikkje har tilstrekkeleg areal, må hestemøk enten leverast til godkjent mottak eller til gardsbruk som har tilstrekkeleg spreieareal til å kunne motta hestemøk frå andre. Kartet under viser oversikt over tal dekar fulldyrka og overflatedyrka jord på gbnr 193/2. Totalt har gardsbruket spreieareal tilsvarannde 1 vaksen hest.

Kommunen vurderer forholdet som i strid med forureiningslova § 7.



## Retting av det ulovlege forholdet

Retter du opp det ulovlege forholdet, unngår du pålegg og tvangsmulkt.

Retting kan skje på følgande måtar:

- Du må levere all hestemøk som ikkje kan spreiaast på godkjent areal til godkjent mottak eller eit gardsbruk som kan nytte dette som gjødsel.
- Ved levering til eit gardsbruk, må dette inngå som ein del av gardenes gjødslingsplan.
- Du må skjerme all lagra hestemøk mot nedbør og overflatevatn fram til dette kan leverast godkjent mottak eller gardsbruk.

## Grunngjeving for førehandsvarsle om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningslova § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løvye».

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varsler kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ileyding av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

## Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsle om at forholdet må bli retta og dokumentasjon på dette må sendast inn innan fristen gitt nedafor.

Vi varsler også at det kan bli fatta eingongsmulkt på kr. **15.000,-** og løpende dagmulkt på kr. **200,-**, dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta innan fristen. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

Storleiken på mulkta er satt ut ifrå ei foreløpig vurdering, og kan endrast i vedtaket.

## Fristar

Dokumentasjon på at all hestemøk som er lagra på garden er sikra mot avrenning må sendast kommunen innan **31.03.2023**.

Dokumentasjonen på at all hestemøk som ikkje kan spreiaast på eige areal er fjerna må sendast kommunen innan **30.06.2023**.

## **Kva skjer om du ikkje rettar det ulovlege forholdet?**

Dersom vi ikkje mottar nye opplysningar som gjer grunnlag for å avslutte saka heilt eller delvis, vil det bli fatta vedtak i saka om 4 veker.

Det vil bli gitt same frist for retting i vedtaket. Dersom det ulovlege forholdet ikkje rettast innan dei fristane som er satt, vil du bli ilagt tvangsmulkt.

## **Dine rettigheter**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ileynging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

## **Aktuelt regelverk**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ileynging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Liv Janne Drange

Hopsdalsvegen 77

5915 Hjelmås